



Årsmelding frå fotballgruppa for 2025

Styret

Styret blei samansett slik etter årsmøtet 2025:

Ove Mikal Haveland	Leiar og kasserar	Vald for	2025-2027
Håvard Furset	Styremedlem	Vald for	2025-2027
Ole Aleksander Hopland	Nestleiar	Vald for	2024-2026
Marita Leirnes-Espås	Styremedlem	Vald for	2025-2027
Christian Fjelle	Styremedlem	Vald for	2024-2026

Styret hadde fem fysiske møter gjennom sesongen og tok resten av avklaringane digitalt. Marita kom inn i styret etter Kari Ann Lien. Britt Remme tok oppgåva som Fair Play ansvarlig. Kiosk og banehald blei elles løyst av styret m.f. gjennom sesongen.

A-laget

Trenar: Øystein Haugland i kamp og Kay Rune Solheim m.f. på treningar med lagleiar Vegard Lunde

Treningsdagar: Søndag ute og etter sesongslutt fortsette dei med innetrening på Stårheim onsdagar i tillegg.

A-laget hadde ein normal sesong med kampprogram på 14 kampar. Dei hadde 28 aktive der 27 betalte treningsavgifta. Det såg mørkt ut for lagspåmelding i januar, men vi meldte på eit lag og ut over sesongen kom det med fleire. Laget endte til slutt på ein 3. plass etter ein varierende sesong.

Vi fortsette med open kiosk på heimekampane i regi av Ole Aleksander m. familie. Vi fekk også i år bollar frå minibakeriet som hjalp på omsetninga og gav oss noko som også kunne delast med spelarane og dommarane når vi hadde nok til det. Inntektene auka frå ca. 11 000kr i 2024 til ca. 17 000kr i 2025 mykje takka være ein ekstra kiosk på soneturnering på Eid. Etter utgifter sat ein att med ca. 7000kr. Avslutningsfesten på Balsnes blei flytta til februar 2026.

Øystein Haugland blei nominert til Kretsens ildsjelspris frå Haugen fotballgruppe også i fjor, men nådde ikkje opp i konkurransen.

Barnefotballen

➤ Trenarar:

G5-6: Håvard Furnes

G8: Signe Johanne Haveland og Martine Hopland

G9: Ove Mikal Haveland og Thomas Bratlie Haugland med Reidun Smørddal og Hilde Katrine Engeli som lagleiarar

J9 og J12: Ole Aleksander Hopland med Ove Mikal Haveland som lagleiar

G12 x 2: Kay Rune Solheim med Stian Bjørlo. Britt Remme var lagleiar for begge laga.

➤ **Sesongen:**

Vi hadde 6 gutar og 5 jenter som kom med på sone av 2013 modellane. Martine Hopland fortsatte på sone og krets og blei også tatt ut til Team Sogn og fjordane på slutten av 2025. Ingen av 2013 jentene gjekk vidare til krets, men fortsetter på sone i 2026. 3 gutar kom med på kretslag for 2013 modellane og 5 stk (inkludert dei tre) fortsetter på sone i 2026. Sone og krets er ein del av Landslagsskulen og er ei landsdekkande ordning som skal støtte breiddeklubbane å gje dei som ønsker å satse større utvikling.

Oppstart av serien var som vanleg etter påske.

Vi kom bra i gang med sesongstart og seriespel. Vi hadde 2 G12 lag og eit J12 lag i tillegg til eit G9 lag i seriespel. På cup stilte vi med mange lag og hadde mellom tre til fem lag påmeldt til kvar cup. Første cup var Eid Extra-cup 20. april, 4 Kongleriket cup som vanleg og G12 og J12 var også i år på BAMA cup i Volda. På Kongleriket-cup så stilte vi med G6, G8 og J9 og G9. Vi hadde også eit G8 lag på Toyotacup i Skavøypoll.

Alle trente på Klenkarberget mellom påske og haustferie.

G/J5-8 trente kun mellom påske og haustferie.

J og G9 trente på nyåret inne i gymsalen på Haugen og G9 i gymsalen på Stårheim etter sesongen.

På nyåret trente G12 inne i gymsalen på Stårheim mandagar og på Eid IP onsdagar.

J12 trente mandagar på Eid IP i begynnelsen av året og etter sesong. Siste kampen for sesongen blei spelt i Loen mot Olden 30. oktober. Etter sesongen fortsette vi med treningar på Eid IP etter koordinering med Eid fotball. Det blei kun nytta gymsalen på Stårheim til ekstratrening for G12 ein periode midt på vinteren.

G og J12 fekk begge med fleire spelarar gjennom sesongen. Noko som gjer at vi kan spele 11'ar i G og J 13/14 i 2026. Det har ikkje skjedd på over ti år for gutane og ukjent når det sist blei spelt 11'ar fotball av jentelag på Klenkarberget sist.

Alle lag hadde ei eller anna form for avslutning etter sesongen, bortsett frå A-laget som utsette den til 2026.

Dugnadar, drift og økonomi

Før sesongen blei det veldig mykje dugnad for å få garderobene klar til sesongstart. Vi fekk dei så klare at dei kunne nyttast, men det gjenstår framleis arbeid som må gjennomførast før denne sesongen.

Ellers var det ein god sesong med stor aktivitet i seriespelet, men litt færre cupdeltakingar, spesielt i vinterhalvåret som i 2024.

Totalt antal medlemmer ved årskiftet 25/26 i fotballgruppa var 125 stk med, spelarar, trenarar, lagleiarar, dommarar og styret.

Det blei gjennomført totalt to stk. flaskeinnsamlingar, ei etter påske og ei før haustferien. Vi fekk totalt inn 22 387kr på flaskeinnsamling, 3000kr meir enn i 2024.

Det blei også gjennomført ein ny plastdugnad gjennom Handelens miljøfond som gav oss ei inntekt på 15 000kr.

Grunna den store auka i utgifter til sone, krets og forsikringar blei det også gjennomført to Spond-lotteri som til saman gav ei ekstra inntekt på 64 000kr.

A-laget hadde den faste dugnaden med demontering av lyslenker og kablar etter at Malakoff festivalen var ferdig. Dette gav oss ei inntekt på 2400kr ned frå 2024.

A-laget hadde også ein bæredugnad på Operahuset som gav dei ei inntekt på 3750kr.

Hovudstyret kjøpte inn robotklippar frå Rindal maskin for ca 64000kr etter at fotballgruppa søkte og fekk støtte frå Sparebankstiftinga på 50 000kr til innkjøpet Med MVA.-kompensasjon så blir det ikkje store utgifta. Etter ein innkjøringsperiode fungerte den bra, men ein måtte over med traktorklipparen til tider for å få vekk restar som la seg når det regna eller vaks ekstra godt. Her var det fleire som stilte på gjennom sesongen.

Knivluftaren blei brukt 3 gangar og sandstrøaren blei nytta ein gang for å få utover ca 15 tonn med sand. Pigging, sanding og robotklippar virkar å ha gjort bra for bana som heldt seg godt også denne hausten.

Grunna stor rift om 3'ar bana på treningane så blei det kjøpt inn ei ny 3'ar bane etter eit godt tilbod frå Sparebankstiftinga. Vi fekk også støtte til innkjøpet frå Sparebanken Norge. Bana mottok vi etter sesongen og satsar på at den vil bli godt brukt i 2026.

Vi fekk dessverre bot for manglande dømming i seniorfotballen gjennom sesongen, men fekk på slutten av året inn ein ny dommar som vi håpar kan bidra til motivasjonen også til dei yngre klubbdommarane.

Vi har kunna fortsatt med gratis fotball for alle barna trass i den store auka i antall spelarar og det er svært gledeleg. Vi har også dekkja sone og kretsdeltaking for alle som er med der.

Vi har hatt jevn dialog gjennom sesongen med trenarar, lagleiarar og foreldre for å forsøke å tilpasse alt så godt som muleg.

Økonomisk endte året godt i pluss takka være dei ekstra tiltaka som blei gjort for å bøte på auka utgifter.



Takk til alle som har bidratt!
Heia Haugen!